



**SJUR HAGA BRINGELAND**  
sjurhb@aol.com

# KLASSISK MUSIKK



Helten i stykket, slik han er å sjå i Museo Nazionale Romano: Feltherren Germanicus (15 f.Kr.–19 e.Kr.), som fór ille med germanarane ved Rhinen.

## Slue seljarar

Ein nyoppdaga Händel-opera? Neppe.



**GEORG FRIEDRICH HÄNDEL: Germanico**

ENSEMBLE E CORO IL ROSSIGNOLO, CEMBALO OG DIR.: OTTAVIANO TENERANI. DEUTSCHE HARMONIA MUNDI 2011

Skal me døma etter talet på plateutgjevingar dei seinaste åra, er operaer av Georg Friedrich Händel (1685–1759) mellom det som sel best i denne krisetida for plateindustrien. Difor siktar Ensemble e Coro Il Rossignolo og plateselskapet Deutsche Harmonia Mundi friskt og lanserer *Germanico* som «ein nyoppdaga Händel-opera» og jamvel som det «fyrste verket han skreiv i Italia, der han arbeidde mellom 1706 og 1709 eller 1710. Slikt gjer ein Händel-fantast sjølv sagt nyfiken!

Det ikkje-autografe manuskriptet frå tidleg 1700-tal som har dukka opp i biblioteket til konservatoriet i Firenze, er signert »Del Sign Hendl« (skrivemåten treng me ikkje stussa på, dette var slik italiendarane skreiv Händel). Men etter å ha lytta gjennom plata nokre gonger og teke føre meg undersøkingar til manuskriptet, blir det klart for meg at dette ikkje er ein Händel-opera. Det er faktisk ingen opera i det heile. Det er ein serenade, ei ikkje-scenisk musikkform som på pastoralt vis gjerne blei oppført i friluft.

### SOLID HANDVERK

Men dette tyder på ingen måte at me bør vraka denne innspelinga, for verket i seg sjølv er eit solid stykke italiensk musikkhandverk, slik me kjenner det frå komponistar

som til dømes Giovanni Battista Bononcini (1670–1747) eller Attilio Ariosti (1666–1729). Begge desse komponistane var nært knytte til Leopold Is hoff i Wien, noko som kan forklara valet av libretto. For handlinga er lagd til tida kring 17 e.Kr., då den romerske feltherren Germanicus kjem attende til Roma etter å ha slege den germanske hovdingen Arminius.

### RIKT INSTRUMENTERT

Noko av det som talar sterktast for at musikken ikkje er händelsk, er at me ikkje kjenner att melodiar eller musikalske vendingar frå dei seinare verka hans. Dette plar vera ein sikker prøvestein for Händels produksjon, komponisten var nemleg så økonomisk (eller lat) at han nytta musikalske idear han var nøgd med, om og om att; han greip gjerne livet ut til musikk han hadde komponert som ung.

Likevel er dette altså ei flott plate som absolutt kan tilråddast. Partituret er rikt instrumentert, med både prektige og intime instrumentkombinasjonar. Den prektige Germanico-arien *Acceso dal lampo*, sunge av alten Sara Mingardo, har ved sida av strykarane ein konserterande trompet, som gjev musikken ein høgverdig karakter. Heller intim er Agrippina-arien *Par che palme a palme intessa*, framført av sopranen Maria Grazia Schiavo, som ikkje har anna å stø seg på enn ein einsam cembalo. Som i mange av dei svakt besette ariane kjem orkestret her inn på slutten og konkluderer på vakert vis affekten i stykket.

**SJUR HAGA BRINGELAND**

Sjur Haga Bringeland er musikal og fast musikkmeldar for Dag og Tid.

Standardinnspelinga:

## Orfeus' song

Eit gløymt meisterverk frå ein forsømd symfonikar.



**FRANZ IG-NAZ BECK: Symphonies op. 3 Nos 1, 2 & 6**

LA STAGIONE FRANKFURT, DIR.: MICHAEL SCHNEIDER. CPO 2004

Då heile verda for to år sidan markerte Haydns dødsår, var det få som kom i hug at ein annan stor symfonikar hadde rund dødsdag same året: Mannheimaren Franz Ignaz Beck (1734–1809) etterlét seg, til liks med den austerriske kollegaen sin, eit omfemnande symfonisk oeuvre, han medverka til utvik-




I musikken blir lyra til Orfeus gjerne framstilt gjennom ein fiolin. Her *Orpheus*, måla av den ungarske kunstnaren Károly Ferenczy (1862–1917) i 1894.

linga av den klassiske symfoniens sonatesatsform med rikt samansett tematisk arbeid og krona livsverket med storfelte oratorium. Ein annan likskap mellom komponistane er at dei begge levde liva sine i den musikalske periferien – Haydn i Esterházy, Beck i Bordeaux – utan at dette hindra korkje den kunstnarlege utviklinga eller utbreiinga av verka deira.

La Stagione Frankfurt under dirigenten Michael Schneider har valt å via fleire CD-ar til Becks musikk, og på denne andre er tre av symfoniane hans med, i tillegg til ein effektfull ouverture til operaen *La Mort d'Orphee*. I mørk og still song i moll høyrer


me Orfeus her akkompagnera seg sjølv på lyre: røysta gjennom den lidande tenorsongen til ein obligat fagott, lyra gjennom fiolinane som ikkje stryk på strengene, men i *pizzicato* klimprar dei med fingrane.

Også Haydn har ein Orfeo-ouverture, den kjende operareformatoren Gluck skreiv og ein. Men ingen av dei torer måla antikkens største songar med så mjuke og rolege penselstrok, for dei vil begge imponera tilhøyrarane med eit orkestralt «pang!» – slikt var vanleg, på effektivt vis fekk det eit pratsamt 1700-tals operapublikum til å halda munn. Beck derimot satsar alt på å overdøya publikummet med tagnad.



Stykka på dette albumet er òg ei helsing frå Bad Pyrmont, av Georg Philipp Telemann (1681–1767) for tre hundre år sidan.

Foto: www.stadt-badpyrmont.de



Det romantiske Carsten Lund-orgelet i Bragernes kirke i Drammen eignar seg ypparleg til orgelverka til Johannes Brahms (1833–1897). Foto: Camilla Eidsten Evensens

## Hugnadsfull spamusikk



**GEORG PHILIPP TELEMANN: A Week of Telemann**

AGNES SCHEIBELREITER, SOPRAN, ENSEMBLE DELIRIO. CAPRICCIO 2011

Romane var dei fyrste som lauga seg her, seinare stod stormenn som Benjamin Franklin, Goethe og Humboldt-brørne på gjestelista. Bad Pyrmont i dagens Niedersachsen er framleis mellom dei fremste kurbada i verda. Telemann gav i 1734 ut *Scherzi Melodichi*, musikk meint som dagleg underhaldning for dei badande her, i ei samling på sju suitar for fiolin, bratsj og basso continuo. Kvar suite er nemnd etter vekedagane, og dansesatsane dei inneheld, er stutte og karakteristiske. I hendene på Ensemble Delirios varme og rørlege strykarklang er dette makelaus musikk som talar direkte og smilande til oss, og me opplever tre hundre år gammalt velvære.

## Brahms i Bragernes



**JOHANNES BRAHMS: Organ Works**

ANDERS EIDSTEN DAHL, ORGEL. LAWO CLASSICS 2011

At somme av stykka den unge organisten Anders Eidsten Dahl (fødd 1976) her har spela inn, høyrer til dei fremste i orgellitteraturen, er ingen kontroversiell påstand. Flammande storverk som *Preludium og fuge i a-moll*, WoO 10, er med, som Dahl føredreg med ein gransam artikulasjon, godt avpassa den moderate akustikken i langskipet i kyrkja. Men òg inderlege koralførespel som det over *Det hev ei rose sprunge* (nr. 30 i Norsk salmebok) høyrer me. Det er som om Brahms' kromatiske omspelingar sveiper melodien inn i tynn harmonisk silke, og berre dei mest observante lyttarane vil skimta salmen gjennom sløret.